

# Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Aurland kommune

Kommuneplannemda vedtok i oktober 2016 oppstart av *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Aurland kommune*. Denne kartlegginga er no ferdig. Kartlegginga er ei temakartlegging, dvs at den ikkje er juridisk bindande, men vil vere eit viktig hjelpemiddel i arealplanlegginga og i arbeidet med kommuneplanen for Aurland kommune. Samstundes som den dannar eit godt kunnskapsgrunnlag i folkehelsearbeidet i kommunen. Arbeidet vil også vere nyttig for etatane som kommunen samarbeider med, til dømes fylkesmannen, vegkontoret og fylkeskommunen.

*Føremålet med kartlegginga har vore å få på plass eit betre kunnskapsgrunnlag om friluftslivsområda i kommunen. Areal for friluftsliv i kommunen har stor identitet- og triveselsskapande verdi. Dei er viktige for det helsefremjande arbeidet og er ein viktig ressurs for næringslivet i kommunen.*

Arbeidet er ein del av ei nasjonal satsing som alle kommunar er pålagt å gjere, og har følgt metoden som er skissert i Miljødirektoratet si rettleiar M98-2013. Kommunen har fått tilskot til arbeidet av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## Metode

Arbeidet har blitt leia av ei arbeidsgruppe frå administrasjonen beståande av Anja Marken, Unni Grønsberg, Hallgeir Høydal og Ingunn Bårtvedt Skjerdal. Arbeidsgruppa har hatt jamlege møter gjennom sommaren og hausten 2018 der dei har teikna inn friluftslivområda dei kjenner til og har fått kjennskap til på kart. Fleire ressurspersonar, skular, barnehagar og verksemder har bidrige med informasjon til gruppa:

- Anders O. Mæland, BASE-miljøet
- Anita Hylland, Aurland kommune
- Aurland barne- og ungdomsskule
- Aurland elveeigarlag
- Aurland Fjellstyre
- Ekstremsportveko
- Explore Undredal
- Flåm barnehage
- Flåm skule
- Njord
- Nordic Ventures
- Nærøyfjorden Verdsarvpark
- Sigurd Felde, Tindevegleder Hvitserk
- Sogn Jord- og Hagebruksskule
- Statens Natur Oppsyn Aurland
- Stigen Gard
- Vangen barnehage
- Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden

I første omgang gjekk arbeidet ut på å dele friluftslivsområda inn i ulike områdetypar:

### FRITYPE friluftslivsområdeType:

Definisjon	Kode	Beskrivelse	Merknad
.DEF .områdeType T2			
	NT	Nærturterring	Vegetasjonskledde områder på mer enn 200 daa. Områdene skal være tilknyttet byggeområder som f eks boligområder, skoler og barnehager, og ligge i gangavstand fra disse. De er vanligvis naturlig avgrenset av bebyggelse eller dyrket mark.
	LR	Leke- og rekreasjonsområde	Lekeplasser, ballplasser, nærmiljøanlegg, hundremeterskogen, badestrenger, offentlig sikrede områder, parker og lignende som er mindre enn 200 daa.
	GK	Grønnkorridør	En del av det "myke" transportsystemet og viktige forbindelseslinjer som knytter sammen boligområder og de mest brukte og egnede friluftslivsområdene. Korridorene skal ha et grønt hovedpreg.
	MA	Marka	Omfatter noen av de viktigste områdene for friluftsliv i kommunen og/eller regionen. Grenser som regel direkte opp mot byer/tettsteder og har direkte adkomst herfra.
	SS	Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag	Områder langs kyst, innsjøer og vassdrag med muligheter for allment friluftsliv.
	KL	Jordbrukslandskap	Områder av betydning for friluftslivet i jordbrukslandskapet.
	UO	Utfartsområde	Store og små områder som ligger utenfor den umiddelbare nærhet til byer/tettsteder, men der reisetiden ikke er lengre enn at den kan aksepteres for en dagstur. Kjennetegnes ofte av at de er egnet for en eller flere enkeltaktiviteter som det lokalt ikke finnes alternative områder til av noenlunde tilsvarende kvalitet.
	TM	Store turområder med tilrettelegging	Dekker de nasjonalt viktigste fjell-, skog- og heiområdene med tilrettelegging i form av merket sti- og løypenett med tilhørende overnatningssteder.
	TU	Store turområder uten tilrettelegging	Store områder eller systemer av delområder som er "inngrepstofrie".
	SK	Særlege kvalitetsområder	Landskap, natur- eller kulturmiljø som har helt spesielle opplevelseskvaliteter eller som har spesielt stor symbolverdi.
	AF	Andre friluftslivsområder	Områder av betydning for friluftslivet, men som ikke lar seg plassere i noen av de øvrige områdetypene.

Figur 1: Dei ulike områdetypane (Miljødirektoratet 2014, 41).

Den andre delen av arbeidet gjekk ut på å verdsette dei kategoriserte friluftslivsområda. I denne prosessen brukte arbeidsgruppa verdettingskriteria utarbeida av Oslo kommune og tilpassa desse til forholda i Aurland kommune. Det er sju hovudkriterium som blei brukt til å verdsette desse områda, alle desse kriteria blei vurdert etter ein skala frå 1 til 5:

1. Kor stor dagens brukarfrekvens er, dvs. om det er eit område ein sjeldan treff andre eller eit område som blir brukt av mange, heile året, både på kvardagar og i helger.
2. Om området blir brukt av personar som ikkje er lokale, på ein skala frå aldri til ofte.
3. Om området har spesielle natur- eller kulturhistoriske opplevingskvalitetar, eller eit spesielt landskap, på ein skala frå ingen til mange.
4. Om området har ein spesiell symbolverdi, frå ingen til stor.
5. Om området har ein spesiell funksjon, dvs. om det fungerer som ei tilkomstsone, hovudturdrag, korridor eller liknande. Her går skalaen frå «ikkje spesiell funksjon» til «spesiell funksjon».

6. Om området er spesielt godt eigna for ein eller fleire enkeltaktivitetar som det ikkje finst like gode alternative områder til, t.d. klatring, bading, fiske eller padling.
7. Om området er tilrettelagt for spesielle aktivitetar eller grupper, dvs. om området ikkje er tilrettelagt i det heile teke, eller om området er tilrettelagt for rørslehemma eller barnevogn, og om området er opparbeida med til dømes toalett eller benkar.

Det er også fem støttekriterium som blei brukt til å verdsette områda, for Aurland kommune sin del var det mest aktuelt å bruke kriteria som omhandla kunnskapsverdien og lydmiljøet til området.


Etter at kvart område blei vurdert etter desse kriteria brukte arbeidsgruppa skalaen fastatt av Miljødirektoratet for å gje områda ein endeleg verdi:

Verdi	
Verdi	Anbefalt skala
<b>A Svært viktig friluftslivsområde</b>	Brukerfekvens = 4,5 eller Regionale/nasjonale brukere 4,5 eller Opplevelseskvaliteter = 5 eller Symbolverdi = 5 eller Funksjon = 5 eller Egnethet = 5 eller Tilrettelegging = 5 eller En generell høy skåre
<b>B Viktig friluftslivsområde</b>	Brukerfekvens = 3 eller Regional/nasjonal bruk 3 eller Opplevelseskvaliteter = 3,4 eller Symbolverdi = 3,4 eller Funksjon = 3,4 eller Egnethet = 3,4 eller Tilrettelegging = 3,4 eller En generell middels skåre
<b>C Registrert friluftslivsområde</b>	Brukerfrekvens = 2 eller Regional/nasjonal bruk 2 eller Opplevelseskvaliteter = 2 eller Symbolverdi = 2 eller Funksjon = 2 eller Egnethet = 2 eller Tilrettelegging = 2 eller En generell lav skåre
<b>D Ikke klassifisert friluftslivsområde</b>	Områder som ikke blir verdsatt som A, B eller C.

Figur 2: Skala for verdsetting av friluftslivsområda (Miljødirektoratet 2014, 22).

#### Samandrag av resultatet

Det er registrert 114 friluftslivsområder i Aurland kommune. Diagramma under viser korleis desse områda er fordelt etter områdetype, verdi og grunnkrets i kommunen.




Figur 3: Områdetypene som er registrert i Aurland kommune fordelt etter verdi (sjå figur 1 for nærmere forklaring av områdetypene).

Figur 3 viser dei vanligaste områdetypane fordelt etter verdi. *Grønkorridor* (GK) som er registrert som B: «viktig friluftslivsområde» er den vanligaste områdetypen som er registrert i kommunen, dette fordi mange av stiane og gangkorridorane i sentrumsområda i kommunen er registrert som friluftslivsområder. Her var det meir naturleg å leggje inn dei mest brukte ferdelsårene som friluftslivsområder i staden for større deler av sentrumsområda som ein annan områdetype. Fordelt på areal derimot, er *Store turområder utan tilrettelegging* (TU) den vanlegaste områdetypen sidan nesten alle høgfjellsområda er registrert med denne områdetypen.


*Leike- og rekreasjonsareal* (LR) er den nest vanlegaste områdetypen, her er det spesielt områder i Aurlandsvangen, Flåm og Utbygdi som trekk denne kategorien opp (som vist i figur 4). Her kan det vere verdt å merke seg at det ikkje er registrert noko *leike- og rekreasjonsareal* i Nærøy og Ohnstad, og berre eit område kvar i Undredal, Vassbygdi og Dalen. Den tredje vanlegaste områdetypen er *Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag* (SS), her er det flest områder i Nærøy, som stort sett består av områder langs Nærøyfjorden som blir brukt av kajakpadlarar.

Ifolge Friluftslova kan ikkje områder som er registrert som innmark bli registrert som friluftslivsområder. Desse områda er derfor registrert som *Andre friluftslivsområder* (AF) og har fått verdien D: «ikkje klassifisert friluftslivsområde». Det er likevel ferdelsrett på private vegar og stiar som går gjennom innmark, slike områder er registrert som *grønkorridor* sjølv om dei ligg i eit innmarksområde.




Figur 4: Områdetypene fordelt på grunnkrets og høgfjell.

Figur 4 viser korleis dei ulike områdetypane er fordelt på grunnkretsane i kommunen. Her er høgfjellsområda trekt ut som eit eige område sidan desse friluftslivsområda strekker seg over fleire grunnkretsar. Det same gjeld for kategorien «Anna» som består av Aurlandsfjorden og Aurlandselvi.



Figur 5: Verdifordeling av friluftslivsområda.



Figur 6: Verdien av områdetypene fordelt på grunnkrets.

Figur 5 og 6 viser at over halvparten av friluftslivsområda i kommunen er registrert som B: «viktige friluftslivsområder», der dei fleste er registrert i Aurlandsvangen og Flåm. Litt under ein tredjedel av områda er registrert som A: «svært viktige friluftslivsområder». Dei fleste av desse områda er i Nærøy, noko som har samanheng med at det er mange internasjonale brukarar i dette området, i tillegg til at tre av områda er registrert som *Utfartsområde* (UO) som er spesielt godt eigna til enkeltaktivitetar.

#### Oppfølging og bruk

Det digitaliserte kartet blir lagt inn i Naturbase og som eit temalag i Fylkesatlas, og vil dermed vere lett tilgjengeleg for alle som brukar desse verktøya i sitt arbeid. Det vil vere eit temalag som viser områdetypen til områda og eit temalag som viser verdien. Oppdatering av datasettet bør skje i samband med rullering av arealplanen.

Saman med det digitaliserte kartet som viser områdetypene og verdien deira, føl eit eigenskapsskjema som gir ein nærare skildring av områda. Her er det peikt på korleis området blir brukt og om det har nokre spesielle kvalitetar. I denne skildringa er det også vist til manglar ved området, t.d. mangel på parkeringsplassar i innfallsporten til området eller slitasje grunna høg bruk. Desse tiltaka må bli fylgt opp i andre planar då denne kartlegginga er eit temalag som gir eit kunnskapsgrunnlag om områda.